



Vegen inn til sandtaket er oppe til venstre på dette luffotoet..

Astrid Døssland, som er grunneigar på vegen inn til sandtaket på Døssland, har uttala seg om vegspørsmålet i samband med konsekvensutgreinga.

Ho tek utgangspunkt i framlegget til reguleringsplan der det heiter at vegen inn i området skal trafikerast av vogn og held alle krav. Det står også at fylkesvegen opp dalen no er oppgradert til BK 10 veg.

Døssland strekar under at ho og Trond Myklebust har felles vegrett inn i det aktuelle området. Vegen går av frå fylkesvegen og inn over bruk 128/6, vidare innover 126/6-7 og deretter igjen over 128/6, I følge utskriftspapira frå 1943 kan vegen ha ei breidde på 2,5 meter for køyring av skogsprodukt. Døssland kan difor ikkje forstå korleis det er mogelen å seie at "vegen skal trafikerast av vogn og held alle krav".

- Eit vogntog krev vel større breidde enn 2,5 meter og eit sterkare fundament enn ein skogsveg til bruk for skogsprodukt, spør Astrid Døssland.

Ho presiserer at det ikkje er aktuelt å byggje ut vegen i dyrka mark, langs 128/6.

Vidare undrar ho seg over kva tiltak som har oppgradert fylkesvegen opp Uskedalen til BK 10. Ho kjenner ikkje til tiltak som kan kvalifisere for det.

Av Ola Matti Mathisen